ALVER
KOMMUNE
Plan og byggesak

Sigfred Laastad
Furulia 4
5913 EIKANGERVÅG

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Trygve Solberg | 17.06.2022 |
| Vår: 21/6055 - 22/40542 | trygve.solberg@alver.kommune.no | |

# Ferdigattest riving av einebustad - gbnr 182/1 Gausereide

**Administrativt vedtak:** **Saknr: 583/22**
**Tiltakshavar:** Sigfred Laastad
**Ansvarleg søkjar:** Rivenes AS
**Søknadstype:** Søknad om ferdigattest

**VEDTAK**:
**Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10 vert det gjeve ferdigattest for riving av våningshus på gbnr 182/1.**

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og løyve til riving datert 24.05.2022.
For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad motteken 21.09.2021 og purring 02.06.2022.

## Skildring

| | |
|---|---|
| Adresse: | Vassbygdvegen 256 |
| Bygningstiltak: | Våningshus |
| Bygningsnummer: | 176260319 |

## Regeleverk

- Krav om sluttkontroll og ferdigattest følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.

- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

**Mynde**
Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

**Klage**
Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 21/6055

Med vennleg helsing
Alver kommune

| | |
|---|---|
| Are Frøysland Grande<br>Avdelingsleiar | Trygve Solberg<br>Sakshandsamar |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Harald Låstad | Vassbygdvege n 256 | 5912 | SEIM |
| Rivenes AS | Kvamsvegen 11 | 5265 | YTRE ARNA |
| Sigfred Laastad | Furulia 4 | 5913 | EIKANGERVÅG |